



Arkivnr: 2016/1162-10

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		03.11.2016
Fylkesutvalet		16.11.2016

## Fråsegn til søknad frå Nettbuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen - Masfjorden - Ålesund

### Samandrag

Nettbuss AS har søkt om vidareføring av ruteløyvet deira for strekninga Bergen – indre Masfjorden – Ålesund. Sogn og Fjordane fylkeskommune er løyvestyresmakt. Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saka. Fylkesrådmannen rår til at det vert gjeve ei imøtekomande tilråding til søknaden på vilkår om at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen – Knarvik.

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til at søknad frå Nettbuss AS om fornying av ruteløyvet deira for strekninga Bergen – Indre Masfjorden – Ålesund vert imøtekommen.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for løyve at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen – Knarvik.
3. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for løyve at nykjøpt materiell som skal nyttast i ruta må oppfylle gjeldande EU-standard for luftutslepp.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 21.10.2016****Bakgrunn**

Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) har i brev av 11.10.16 sendt på høyring søknad frå Nettbuss AS om fornying av ruteløyvet deira for ekspressbussrute strekninga Bergen – Indre Masfjorden - Ålesund.

**Saksopplysningar**

SFFK er løyvestyresmakt for den omsøkte ruta. Behovsprøving av kommersielle ekspressbussruter er avgrensa til å gjelde i høve til lokale bil- og båtruter som inngår i det fylkeskommunale tilskotsansvaret. Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saka.

Det er i dag samarbeid mellom Nettbuss og Firda Billag AS om eit bussrutetilbod med ulike endepunkt, som alle trafikkerer strekninga Bergen – Ostereidet – fylkesgrensa på E39 i Masfjorden (ved Kringla). Tilbodet er kjend som 'Fjordekspressen'.

Ekspressbusstilbodet på nemnde strekning utgjer i dag 6 turar kvar veg på kvardagar og 5 på laurdagar og sundagar. Det er ei vidareutvikling av eit rutetilbod som tok til tidleg på 80-talet, med 1 tur kvar veg. Av dei nemnde 5-6 daglege turane går det kvar dag 1 tur kvar veg mellom Bergen og Ålesund. Det er desse totalt 2 turane søknaden som er til høyring gjeld.

Mellom Bergen og Knarvik er det eit fullgodt fylkeskommunalt rutetilbod, med høg grad av passasjerfinansiering. På strekninga Knarvik – fylkesgrensa er tilbodet moderat, med grunn i beskjedent passasjergrunnlag. Mellom Knarvik og Ostereidet vert det utført 4-5 turar på kvardagar, 2 på laurdagar og 1 på sundagar. På strekninga Ostereidet – fylkesgrensa vert det utført 1 skulerute til Knarvik (ein veg) og 3 lokale skuleruteturar. Praktisk talt heile rutetilbodet på strekninga Ostereidet – fylkesgrensa, og meir enn halve rutetilbodet på strekninga Knarvik - Ostereidet er såleis drive i regi av selskapa bak Fjordekspressen.

Etter avtale med fylkeskommunen, kan passasjerar på ekspressbussane på strekninga Bergen – Ostereidet – fylkesgrensa nytte Skyss sitt takstregulativ (med unnatak av KontantSkyss).

Når fylkeskommunen lyser ut bussanbod vert det stilt krav om at nykjøpte fossilbussar skal oppfylle gjeldande EU-krav til luftutslepp. For tida er dette standarden Euro 6. Det har i Hordaland blitt praksis å stille same krav til kommersielle aktørar.

**Vurdering**

Fylkesrådmannen er ikkje kjend med merknader til den ruta som det vert søkt om forlenga løyve for. Fylkesrådmannen finn det ønskjeleg å halde oppe det noverande rutetilbodet på den aktuelle strekninga. Dersom ekspressbussane vert innstilte må ein pårekne høge tilskot for å vidareføre det noverande rutetilbodet. Det er av omsyn til m.a. konkurranse mot meir forureinande transportmiddel også generelt ønskjeleg å halde nettverket av ekspressbussar mest mogleg finmaska. Samstundes er det viktig at det offentlege kollektivtransporttilbodet i sentrale strok ikkje tapar inntekter og at ein opprettheld krava til miljøvenlege bussar.

Fylkesrådmannen rår etter dette til at det vert gjeve ei imøtekomande tilråding til søknaden, med ønskje om vilkår om at søkeren ikkje skal utføre lokaltransport på strekninga Bergen – Knarvik, og at det vert stilt krav om at nye bussar må tilfredsstille utslippskrava i gjeldande EU-standard.